

Arbeidsnotater

S T A T I S T I S K S E N T R A L B Y R Å

Dronningensgt. 16, Oslo-Dep., Oslo 1. Tlf. 41 38 20

IO 74/54

10. desember 1974

TRENG NORGE EIN BEFOLKNINGSPOLITIKK?¹⁾

Av

direktør Petter Jakob Bjerve

1) Innleiing til ordskifte på møte i Statsøkonomisk Forening den 25. november 1974.

Ikke for offentliggjøring. Dette notat er et arbeidsdokument og kan siteres eller refereres bare etter spesiell tillatelse i hvert enkelt tilfelle. Synspunkter og konklusjoner kan ikke uten videre tas som uttrykk for Statistisk Sentralbyrås oppfatning.

TRENG NORGE EIN BEFOLKNINGSPOLITIKK?

Innleiing til ordskifte i Statsøkonomisk Forening den 25. november 1974.

Spørsmålet har tre sider som det er viktig å skilje imellom. Den første er: Kva slags politikk for verda bør Norge gå inn for i internasjonale drøftingar av befolkningsproblemet? I slike drøftingar er vi nøydde til å ha ein politikk slik som på andre område, og vi må ta stode etter ei avveging av verdsinteressene mot moglege norske særinteresser. Den andre sida er: Kva liner skal Norge følgje ved opplegget av hjelpeprogram for utviklingsland med alvorleg befolkningsproblem? I prinsippet skal vel ikkje Norge ha nokon eigen politikk i slike tilfelle, men rette seg etter kva u-landa sjøl måtte ønskje. Heller ikkje norske u-landseksperter bør ha sin eigen befolkningspolitikk: Dei skal ikkje vere misjonærar, men hjelpesmenn. Ei anna sak er at det ofte blir synda mot dette prinsippet. Den tredje sida ved spørsmålet er: Treng vi ein befolkningspolitikk for Norge? Ein slik politikk kan til dømes gå ut på at vi set oss mål for kor stort det framtidige folketalet eller det gjennomsnittlege barnetalet i familien bør vere og at vi veg dette målet opp mot moglege motstridande mål i tilfelle då vi nyttar middel som kan fremje målsettinga. Om dette kan det vere tvil.

Skal vi ha ein medveten befolkningspolitikk for Norge, må denne slik som all annan politikk ta vare på Norges interesser og dessutan på verdsinteressene eller dei einskilde u-lands interesser i fall det ikkje rår interessekonflikt. Ved interessekonfliktar må vi underordne oss internasjonale bindingar som vi måtte ha godteke. Ein befolkningspolitikk for Norge krev dessutan ei målsetting som det sjølsagt må vere Regjering og Storting som stakar opp.

Ei målsetting kan utformast på ulike vis. Dersom statsmaktene skulle ønskje å talfeste mål for ein norsk befolkningspolitikk, bør det etter mi meining setjast visse krav til utforminga av denne målsettinga. For det første bør det vere mogleg å skjønne kva måla inneber demografisk sett, særleg når det gjeld framtidige konsekvensar for folketal og aldersfordeling. For det andre bør utforminga vere slik at ein så lett som råd er kan vurdere

verknadene på måla av tiltak som måtte bli sett i verk for å påverke befolkningsutviklinga eller av andre grunnar. Dessutan bør utforminga helst vere slik at foreldre vil skjøne korleis dei - om dei ønskjer - kan handle i samsvar med målsettinga.

Det befolkningspolitiske ordsiftet i det siste har til dels dreid seg om mål som ikkje fyller desse krava. Det gjeld særleg tilrådinga frå fleire hald om at folkemengda bør bli minska til 2,5 millionar innbyggjarar. Eg tvilar på at folk flest kan skjøne kva det ville innebere. Ein har vel ikkje meint at det skal skje ved emigrasjon, for det ville ikkje hjelpe andre land slik tanken er. Det har sikkert heller ikkje vore meininga å korte inn levealderen. Men utan nettoutflytting eller større dødelighet ville det ta generasjonar før folketalet kunne bli stabilisert på 2,5 millionar innbyggjarar.

Eit par rekneeksempel vil gjere dette klårt. Sett at det frå nyåret 1975 vart innført tvungen abort, slik at fødselstalet deretter vart lik null. Jamvel med denne drastiske rådgjerda ville det ta over 30 år før folkemengda kom ned på 2,5 millionar, og deretter ville det bli så få kvinner igjen som kunne fø barn at folketalet ikkje kunne bli stabilisert, iallfall ikkje utan stor nettoinnflytting. Med andre ord: Skulle vi nå 2,5 millionar på 30 år, måtte vi dø ut som folk, og det har vel ikkje vore meininga. Sett så alternativt at fødselstalet gjekk ned til det halve frå og med 1975, altså til om lag 30 000 i året, for så å bli konstant. Då ville det ta fleire gonger 30 år før folketalet kom ned i 2,5 millionar. I mellomtida måtte fruktbarheten, etter å ha vorte halvert frå 1974 til 1975, først bli endå noko mindre fram til 1990 og deretter auke ujamt fram til stabiliseringstidspunktet. Ei stasjonær befolkning på 2,5 millionar krev nemleg med noverande dødelighet om lag 34 000 fødselar i året. Dette alternativet er sjølsagt óg urealistisk, jamvel om det ikkje ville føre med seg så uheldige konsekvensar for aldersfordelinga som det første.

Den lærdomen vi kan hauste av desse rekneeksempla er at ei stabilisering av folkemengda på 2,5 millionar innbyggjarar ville ta svært lang tid og at det ville krevje god evne til å regulere fruktbarheten. Jamvel om ein greidde å finregulere fruktbarheten gradvis langt nok ned frå nivået i dag til å nå 2,5 millionar innbyggjarar, ville vi måtte få kraftige svingningar i fødselstalet med uheldige konsekvensar for aldersfordelinga. Som ein skjønar er eit folk ikkje ein buskap som lettvis let seg redusere og deretter stabilisere.

Ei talfesting av folkemengda som mål for befolkningspolitikken fyller heller ikkje kravet om lettast mogleg vurdering av samanhengen mellom mål og middel. Når ein ser bort frå bruken av innvandring og utvandring som verkemiddel i befolkningspolitikken, og det gjer statsmaktene i dag, må verknadene på folketalet først og fremst gå igjennom åtferda til dei som kan få barn.

Dette kunne tale for å knyte målsettinga til barnetalet i familiane. Mål av det slaget har óg vorte tilrådd i det siste. Familierådet har såleis gått inn for at kvar familie ikkje bør ha meir enn to barn, og i ei bok med tittelen: Norge og overbefolkningen som biologane Ann og Magnar Norderhaug nyleg har offentleggjort, heiter det at ein "bør sikte mot en bredest mulig motivering til en- og tobarnsfamilier, framfor tre- og flerbarnsfamilier på et positivt frivillig grunnlag". Begge tilrådingane inneber ein reduksjon av folketalet ein gong i framtida. Skal eit folk kunne reprodusere seg, må det - anten det er stort eller lite - på lang sikt ha eit barnetal som i gjennomsnitt pr. familie ligg over to. Grunnane til dette er at ikkje alle giftar seg, at ikkje alle kvinner som giftar seg får barn, at det blir fødd fleire gutar enn jenter, og at ein del døyr medan dei enno er unge nok til å få barn. Difor må det bli fødd meir enn to barn i gjennomsnitt pr. familie for at det skal kunne bli eit nytt par som atter kan reprodusere seg. På lang sikt vil eit konstant folketal krevje at bortimot halvparten av dei som får barn har tre barn eller meir. Di fleire eitt- og to-barnsfamiliar, di fleire barn må resten av familiane få. Dette er naudsynte vilkår for konstant folketal på lang sikt, same kor stort eller lite folketalet er.


I ein artikkel i Syn og Segn har demografen Ståle Dyrvik nyleg tilrådd eit barnetal som inneber konstant folkemengd. Han peikar elles på at ved eit slumpetreff har vi det nett no. Vi treng såleis berre å syte for at fruktbarheten korkje stig eller fell. I same tidsskriftet har sosiologen Sigurd Skirbekk seinare hevda at serleg tryggingspolitiske vurderingar kan peike mot eit folketal på fem eller ti millionar innbyggjarar som ønskjeleg. Frå ordskiptet i det siste er dette det einaste dømet eg har sett på større folketal enn i dag som talfesta mål.

Det norske ordskiptet i befolkningsåret har såleis bydd på ein variert meny av mål for folketilveksten. Serveringa har truleg vore meint både for dei som kan få barn og for styresmaktene. Ei talfesta målsetting har, dersom ho stettar krava eg nemnde, føremonen av å vere meir presis og

kangjere kontrollen med gjennomføringa lettare enn verbalt formulerte mål. Men for statsmaktene kan det vere ei ulempe å sette presise mål for befolkningspolitikken, mellom anna fordi det er uvisst kor sterkt utviklinga på dette område let seg påverke. Eit alternativ kan - iallfall til å byrje med - vere eit meir pragmatisk opplegg som går ut på å hindre ei befolkningsutvikling som måtte bli funne uheldig. Ein måtte då så langt råd er lage prognosar for korleis utviklinga truleg ville bli dersom det ikkje vart ført nokon medveten politikk, for i tide å kunne førebu moglege tiltak. I det følgjande skal eg freiste å illustrere eit slikt opplegg.

Som før nemnt, har vi i dag akkurat så høg fruktbarhet som trengs for å halde ved lag konstant folkemengd med noverande dødelighet. Men utviklingstendensen peikar mot mindre fruktbarhet. For å syne det har eg fått laga ~~to~~ ^{ei} kurver for talet på fødselar gjennom dette hundreåret og ei grafisk framstilling av fruktbarhetsutviklinga i dei siste ti-åra.

Figur 1. TALET PÅ FØDSLAR 1900-1974



Ser vi bort frå detaljane i den fødselsutviklinga som figur 1 syner, kan vi seie at vi hadde store fødselskull på kring 60 000 heilt fram til 1924. Deretter fekk vi vesentleg mindre kull, særleg i ti-året 1931-1941. I 1935 var fødselstalet nesten nede i 41 000. Frå 1944 hadde vi påny kull på over 60 000 heilt fram til 1973. Grovt sett syner såleis fødselskurva biletet av eit platå med eit djupt hakk etter dei som ikkje vart fødte mellom 1924 og 1944. I røynda går dette platået tilbake til midten av 1880-åra.

Eilert Sundt ville ha undra seg stort over at vi kunne ha eit slikt hakk i fødselskurva utan å få eit tilsvarande hakk mellom 25 og 30 år etterpå. Han var nemleg den første til å oppdage at dersom det i eit tidsrom blir fødd uvanleg mange eller få, vil det 25-30 år etterpå bli uvanleg mange eller få som giftar seg, og så vil det påny bli fødd uvanleg mange eller få barn. Men korfor i all verda fekk vi ikkje då eit nytt djupt hakk i fødselskurva i 1950- og 1960-åra? Svaret er at vi ved eit samantreff fekk ei utvikling i giftarmålsfrekvens og fruktbarhet i ekteskap som så å seie eliminerte verknadene av Eilert Sundts lov, og dermed vart óg framtidige utslag av denne lova så å seie eliminerte.

Giftarmålsfrekvensen auka sterkt gjennom 1950-åra og heilt fram til i midten av 1960-åra - så sterkt at fødselstalet vart halde oppe trass i at fruktbarheten i ekteskap gjekk jamt ned heile tida. Frå midten av 1960-åra til i dag har både giftarmålsfrekvensen og fruktbarheten i ekteskap gått ned. Denne kombinasjonen av tendensar er det som har fridd oss frå dei framtidige djupe hakk i fødselskurva som dei små kulla i mellomkrigstida elles ville ha drege etter seg.

Men vi kan få framtidige hakk i fødselskurva av andre grunnar. Som følgje av at både fruktbarheten i ekteskap og giftarmålsfrekvensen gjekk ned, fekk vi eit fall i fødselstalet frå 68 000 i 1969 til truleg om lag 59 000 i 1974. (Verdens befolkningsår vil truleg bli det første året sidan 1944 då det blir fødd mindre enn 60 000 barn i Norge.) Vi har tidlegare og gjennom ei årrekkje hatt nedgang både i ekteskapeleg fruktbarhet og ekteskapsfrekvens. Siste gongen var i 1920-åra, og då fall fødselstalet sterkt akkurat slik som i dei seinare åra. I nabolanda våre tok nedgangen til tidlegare, og mye tyder på at utviklinga her i landet vil følgje etter. Eg skal nemne dei viktigaste teikn på det.


Det er framleis stor skilnad i fruktbarheten i ulike strok av landet. Denne skilnaden heng nok delvis saman med at moderne preventivmiddel framleis blir nytta i ulike grad. Det er grunn til å tru at bruken av slike middel vil halde fram med å spreie seg og at dei nyaste og svært effektive preventivmiddel etter kvart vil bli tekne i bruk mest over alt i landet. At ei slik spreing vil få konsekvensar for barnetalet i åra frametter, kan det snautt vere tvil om.

Bruken av moderne preventivmiddel er naudsynt for at fruktbarheten skal kunne bli så låg som tilfellet er i Norge i dag - for ikkje å seie endå lågare -. Men tilgjenge til slike middel er sjølsagt ikkje tilstrekkeleg. Folk må óg ha motiv for å bruke dei. Både evna og viljen til å halde

barnetalet nede må vere til stades, og i dag ser det ut til at det er nok av begge. Den sterke tendensen til at gifte kvinner går ut på arbeidsmarknaden istadenfor å arbeide heime, er eitt av mange teikn på dette. Eit anna teikn er flyttingane frå grissgrendte til tettbygde strok som sikkert vil verke til at fruktbarheten i ekteskap blir mindre. Propagandaen for mindre barnetal frå dei som ikkje har oppdaga kor langt nedgangen alt har nådd, kan få ein viss verknad i same lei. Ei mogleg endring i abortlovgjevinga vil kan hende òg dra fødselstalet noko ned.


Det er såleis mange grunnar til at nedgangen i fruktbarhet truleg vil halde fram og alt til neste år kome under reproduksjonsnivået. Kor langt denne utviklinga vil gå, er det vanskelegare å spå om. Vi skal ikkje sjå bort frå at nedgangen etter ei tid kan skape ein reaksjon eller at fruktbarheten av andre grunnar påny kan stige opp mot det nivået som trengs for å halde folketalet konstant på lang sikt. I så fall får vi eit nytt hakk i kurva for fødselstalet.

Figur 2. NETTOREPRODUKSJONSTAL 1900-1974



Eit inntrykk av nedgangstendensen i fruktbarhetsutviklinga frå 1900 til 1974 får vi ved å sjå på nettoreproduksjonstalet. Som kjent syner dette talet kor mange gjentebarn pr. kvinne som vil bli fødte av ei gruppe kvinner dersom noverande dødelighet og fruktbarhet varer ved gjennom heile levetida deira. Figur 2 syner kor langt den sterke nedgangen i fruktbarhet har gått. Når talet i 1974 ligg på kring 1, vil det seie at fruktbarheten i dag er tilstrekkeleg til at folkemengda på lang sikt kan reprodusere seg, men ikkje meir enn tilstrekkeleg. Kurva syner vidare at skal vi kunne få nullvekst i folketalet på lang sikt, kan den noverande tendensen i fruktbarhetsutviklinga ikkje halde fram lenger. (Når nettoreproduksjonstalet gjekk opp frå 1930-åra til midten av 1960-åra, var det fordi giftarmålsfrekvensen steig sterkt. Fruktbarheten i ekteskap gjekk heile tida ned.)

Figur 3. FOLKEMENGD 1973-2050



Istadenfor å spekulere meir over den framtidige fruktbarhetsutviklinga, skal eg syne korleis folketalet vil utvikle seg fram til år 2050 under ulike føresetnader om fruktbarhet, men med same dødelighet som i 1968-1972. Det er her sett bort frå innvandring og utvandring. Kurvene i figur 3 viser resultatet av nokre rekneeksperiment som har vorte gjort i Statistisk Sentralbyrå av konsulent Helge Brunborg. Resultata vil snart bli offentleggjorde i serien ARTIKLER. Sjølsagt må ein ha føresetnadene klårt for seg når ein skal freiste å dra konklusjonar av slike rekneeksperiment.

Med same fruktbarhet som i 1973 vil folketalet nå 5 millionar innbyggjarar kring 2025. Frå 2035 vil vi få ein stabil tilvekst på 1/4 prosent, og det svarer til ei fordobling på 280 år. Med eit nettoreproduksjonstal på 1, altså med fruktbarhet slik som i dag, vil folketalet nå 4,7 millionar kring 2045, og deretter vil det bli konstant. Talet på fødde og døde vil då bli 63 000. Med same fruktbarhet som i 1935 vil folketalet nå ein topp på 4,1 millionar kring år 2000, berre vel 100 000 fleire enn i dag. Deretter vil vi få ein nedgang som frå år 2040 av vil bli på heile 0,6 prosent årleg, og kring år 2100 vil folketalet ha kome ned i 2,5 millionar.


Desse rekneeksperimenta illustrerer at vi jamvel med noverande fruktbarhet vil få liten folketilvekst. Likevel vil det ta om lag 70 år før folketalet blir stabilisert. Går fruktbarheten ned til det lågaste nivået i 1930-åra, vil tilveksten bli endå mindre, men jamvel då vil folketalet vekse i 25 år. Medan vi med noverande fruktbarhet vil få såkalla "nullvekst" frå og med 2045, vil vi med 1935-års fruktbarhet få nullvekst alt i år 2000. Rekneeksempla illustrerer klårt at ønskjer vi nullvekst i folketalet på lang sikt, må vi stogge eller snu den tendensen i fruktbarhetsutviklinga som vi har i dag.

ALDERSFORDELING I PROSENT

	Registrert		Ved ulike stabile befolkningar		
	1930	1973	Fruktbarhet som i 1973	Fruktbarhet på reproduksjonsnivået	Fruktbarhet som i 1935
0 - 14 år	29	24	22	20	16
15 - 64 "	63	63	63	63	63
65 år og over	8	13	15	17	21
	100	100	100	100	100

Dei tre alternativa for fruktbarhet vil sjølsagt gje ulike aldersfordeling óg. Som ^{tabellen} ~~figuren~~ syner, vil vi etter at aldersfordelinga har stabilisert seg få relativt fleir gamle di lågare fruktbarheten blir. Medan vi i tidsromet 1900-1930 hadde 8 prosent av folket i aldersklassene 65 år og over og i 1973 13 prosent, vil vi ved det lågaste fruktbarhetsalternativet få heile 21 prosent av folket i desse aldersklassane. Dei yrkesaktive, altså folk mellom 15 og 64 år, vil bli relativt like mange som i dag ved alle tre alternativa, medan talet på barn og ungdom sjølsagt vil bli relativt mindre med mindre fruktbarhet. I dag har vi nesten dobbelt så mange unge som gamle. I det lågaste alternativet for fruktbarhet vil vi få vesentleg færre unge enn gamle. Eg skal ikkje freiste å skildre korleis dette samfunnet i tilfelle vil bli.

Figur 4. ALDERSPYRAMIDAR FOR 1950 OG 1970



Som alt nemnt, vil freistnader på å minske folketalet gjennom redusert fruktbarhet ha lett for å føre med seg svingningar i fødselstalet. Jamvel om vi ikkje går inn for ein slik politikk, vil utviklingstendensen i dag av seg sjøl kunne skape slike svingningar. Figur 4 illustrerar kva konsekvensar svingningar i fødselstalet kan få for aldersfordelinga. Vi kan her finne att hakket i fødselskurva mellom 1924 og 1944 i begge pyramidane, men sjølsagt i ulike høgd.

Dei små kulla som vart fødde mellom 1931 og 1941 er i dag mellom 33 og 43 år gamle, og for 20 år sidan var dei sjølsagt mellom 13 og 23 år gamle. Figuren gjev ein grov illustrasjon av korleis store svingningar i fødselstalet etter ei tid dreg etter seg tilsvarende svingningar i storleiken av aldersgruppene. Vi får med andre ord bølgerørsler oppover i aldersgruppene som følgje av bølgerørsler i fødselstalet, og det er konsekvensane for aldersfordelinga som først og fremst kan skape problem.

Som døme på slike konsekvensar kan eg nemne at når vi i dag høyrer mye om vanskar med rekruttering til sjefstillingar både i næringslivet, organisasjonane, staten og dei vitskapelege institusjonane, heng det ikkje i liten monn saman med at nettopp dei aldersklassene som slike folk blir rekruttert frå, er dei små kulla frå 1930-åra. Når det var særst vanskeleg å rekruttere akademikarar frå midten av 1950-åra til midten av 1960-åra, hang det òg saman med at nye kandidatar frå universitet og høgskolar i dette tidsromet først og fremst kom frå dei same små kulla. Desse kulla hadde før krigen verka til at folkeskolelærarar delvis vart gåande utan arbeid.

Dei kulla som vart fødde like etter krigen og som var langt større enn mellomkrigskulla, har òg skapt problem. Når det var stor skort på folkeskoleplassar i 1950-åra og på undervisningsplassar i den høgare skolen og på universiteta i 1960-åra, heng det mellom anna saman med denne bråe auken i fødselskulla frå 1941 av. Liknande døme på problem som i viss monn har vorte skapt både av små og av store kull kan finnast på andre område òg. Når det kan vere vanskeleg å oppdage at årsaka i større eller mindre monn er å søkje i små eller store fødselskull, er det gjerne fordi andre årsaker har verka med. Det kan då vere vanskeleg for ikkje å seie uråd å dekomponere dei ulike årsakene.

Vi kan vel vere samde om at under elles like vilkår er samfunnet ikkje tent med store og brå svingningar i fødselstalet som etter ei tid dreg etter seg tilsvarende svingningar i storleiken av aldersklassene. Her minner eg påny om Eilert Sundts lov som kan ha til følgje at svingningar i fødselstalet tek seg opp att etter 25-30 år. Vi kan ikkje rekne med å vere så heldige som hittil i etterkrigstida med å få eliminert konsekvensane av Eilert Sundts lov. Gode befolkningsprognosar kan gjere det mogleg å planleggje utdanningspolitikken, kulturpolitikken, sosialpolitikken, distriktspolitikken og annan politikk slik at ulempene som følgje av svingningar i fødselstalet blir minska, men best ville det vere å unngå dei.

Ei nærliggjande målsetting for ein befolkningspolitikk for Norge kunne etter dette vere å hindre store og brå svingningar i fødselstalet

ved å motverke den nojeldande tendensen til avtakande fruktbarhet så lenge den varer og ved å bremse på ein for sterk auke i fruktbarheten såfram tendensen i dag skulle snu om til det motsette. Ein slik politikk ville krevje nøye overvåking av dei demografiske utviklingstendensane, slik at mottiltaka kunne bli sett i verk tidsnok. Det ville óg krevje betre kunnskap om samanhengen mellom fruktbarhet og dei faktorane som motiverar foreldre til å få barn.

Befolkningsstatistikken har alt no vorte så godt aktualisert at vi heretter vil få offentleggjort kvartalstal for fødselar, dødsfall og folketal så tidleg som ein og ein halv månad etter at kvartalet er omme. Eit stykke ut i det nye året vonar Statistisk Sentralbyrå å kunne offentleggjere visse demografiske analysar på grunnlag av kvartalstala. Det ligg óg føre planar for utvalsundersøkingar av fruktbarhet, utarbeidd gjennom internasjonalt samarbeid, som på etter måten kort tid kan nyttast som grunnlag for ei fruktbarhetsundersøking i Norge. Slike undersøkingar vil vere turvande dersom vi skal føre ein befolkningspolitikk for Norge, eg hadde nær sagt same kva slags målsetting denne politikken skal ha.

Lat meg til slutt få utløyising for ein heller sterk trong til å kritisere eit par synsmåtar som har vorte hevda i det norske ordskiftet om befolkningsproblemet.

Dette problemet er for verda under eitt alvorlegare enn noko anna einskildproblem. For mange utviklingsland kan folketilveksten komme til å setje bom for vidare økonomisk og sosial framgang og for somme land er det fåre for rein katastrofe. Difor er det gledeleg at problemet no blir drøfta her heime óg. Men etter mi meining har det i desse drøftingane ikkje alltid vorte skilt skarpt nok mellom norske interesser og verdsinteressene - eller einskilde u-lands interesser. Det har heller ikkje kome klårt nok fram at det i Norge gjennom generasjonar har vorte nytta fødselsregulerande middel, med stendig sterkare verknad på fruktbarheten, medan verknader av fødselsregulering enno ikkje er merkbare i mange u-land. Dette må kunne gje god nok "demonstrasjonseffekt" andsynes u-land. Ingen kan vente at vi skal gå vesentleg lengre og på lang sikt kanskje utslette oss sjølve som folk. I så fall vil det bli smått med norsk utviklingshjelp óg. Det er ikkje ved å minske fødselstalet i Norge vi kan hjelpe, men ved å føre over ein god del av inntekts- og produksjonsveksten vår til u-land og ikkje minst ved å yte teknisk hjelp, mellom anna med fødselskontroll. Dessutan trur eg at u-land på lang sikt vil vere mindre interesserte i om vi er 2,5 eller 5 millionar nordmenn her i landet enn i å få plass for nokre av sine eigne millionar i tillegg.